

Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtested: Møterom, Norsk Fjellmuseum, Lom
Dato: 12.10.2015
Tidspunkt: 14:00 – 18:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Mai Bakken	Leiar	
Ivar Kvalen	Nestleiar	
Arild Ingar Lægreid	Medlem	
Iselin Jonassen	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Vidar Eltun	MEDL	
Jørاند Ødegaard Lunde	MEDL	
Frida Melvær	MEDL	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Tor Jevnheim	Jørاند Ødegaard Lunde	
Aud Irene Hamre Rogn	Vidar Eltun	

Merknader

Aleksander Øren Heen var kalla inn for Frida Melvær, men han hadde heller ikkje høve til å møte pga møte i tilknytning til fylkestingsmøtet i Sogn og Fjordane.

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Magnus Snøtun	Nasjonalparkforvaltar
Kari Sveen	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 53/2015	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 54/2015	Referatsaker		
RS	Rapport - Besseggløpet 2015		2013/5721
RS	Implementering av nasjonal merkevarestrategi for Norges nasjonalparker		2015/4509
RS	Reviderte vedtekter og stillingsbeskrivelse - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2014/8677
ST 55/2015	Delegerte vedtak		2003/4333
4/2015	Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Transport av gass med helikopter til Gravdalen - Årdal Turlag		2015/5210
ST 56/2015	Jotunheimen NP - Spørsmål om merking over Knutshø - Norsk Luftambulans / DNT, Valdres Destinasjon m.fl.		2015/4685
ST 57/2015	Utladalen landskapsvernområde - Helikopterlanding ved Skogadalsbøen		2015/6131
ST 58/2015	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Registrering av nasjonalparkstyret som juridisk eining		2015/6113
ST 59/2015	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Medlemmer til Fagleg rådgivende utvalg 2016-2019		2015/6152
ST 60/2015	Revisjon av forvaltningsplan - Diskusjonssak i Nasjonalparkstyret		2015/1662
ST 61/2015	Eventuelt		

ST 53/2015 Godkjenning av protokoll/innkalling

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 12.10.2015

Vedtak

Møteinnkalling godkjent.

Protokoll frå førre møtet i nasjonalparkstyret godkjent.

Aud Irene Hamre Rogn og Arild Ingar Legreid vart valde til å skrive under protokollen, saman med styreleiar.

ST 54/2015 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 12.10.2015

Vedtak

Det vart gjeve utfyllande informasjon om implementering av merkevarestrategien.

Nasjonalparkstyret tek referatsakene til orientering

Rapport - Bessegløpet 2015 2013/5721

Implementering av nasjonal merkevarestrategi for Norges nasjonalparker 2015/4509

Reviderte vedtekter og stillingsbeskrivelse - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen 2014/8677

ST 55/2015 Delegerte vedtak

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 12.10.2015

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek delegert sak til orientering

4/2015 Delegert vedtak - Dispensasjon - Utladalen landskapsvernområde - Transport av gass med helikopter til Gravdalen - Årdal Turlag 2015/5210

ST 56/2015 Jotunheimen NP - Spørsmål om merking over Knutshø - Norsk Luftambulans / DNT, Valdres Destinasjon m.fl.

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 12.10.2015

Iselin Jonassen foreslo å stryke pkt. 3 i innstillinga, og erstatte med følgjande:
For ei langsiktig og balansert forvaltning i området rundt Knutshø, må tiltak og betre informasjon bli nærare vurdert gjennom revisjon av forvaltningsplanen.

Vedtak

1. Sikringstiltak:

Nasjonalparkstyret ser alvorleg på bekymringsmeldinga frå Norsk Luftambulans når det gjeld utsett strekning vest for toppen av Knutshø, og vil forsterke tiltak som alt er utført her. Gjennom bestillingsdialogen 2016 ber Nasjonalparkstyret SNO om å utføre tilleggsmerking med raud farge på ei kort strekning vest for høgste toppen, for å understreke faren ved å ta av frå den faste stigen som allereie er varda på den aktuelle strekninga. Det blir i tillegg bestilt eit meir synleg skilt med åtvaring mot å gå ned på sida, og sett opp vegvisarpil som viser rett retning.

2. Tilrettelegging:

Nasjonalparkstyret viser til føringar om at tilrettelegging for bruk ikkje skal gå ut over verneverdiane, og til vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-10 som tilseier at ein ikkje bør leggje til rette for å leie fleire folk inn i eit område med førekomst av rovfugl som er svært sårbar overfor forstyrring på våren og forsommaren.

Merking av ei rute vil erfaringsmessig trekkje til seg fleire som går på impuls. Desse vil heller ikkje ha skaffa seg førehandsinformasjon om turen via nettet eller andre informasjonskanalar, slik at potensialet for å få fleire uerfarne fjellvandrarar opp i ulendt og farleg terreng snarare vil auke enn å minke om ein vel denne løysinga

3. For ei langsiktig og balansert forvaltning i området rundt Knutshø, må tiltak og betre informasjon bli nærare vurdert gjennom revisjon av forvaltningsplanen.

ST 57/2015 Utladalen landskapsvernområde - Helikopterlanding ved Skogadalsbøen

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 12.10.2015

Vedtak

Nasjonalparkstyret ser alvorleg på at det blir gjennomført helikopterlanding utanom oppsett plan og utan varsling i tråd med motorferdselsløyvet. Med heimel i vedtektene pkt. 8.5. blir hendinga rapportert til Fylkesmannen og Miljødirektoratet.

Dersom forholdet gjentar seg, må det meldast til politiet. Nasjonalparkforvaltar følgjer opp med skriv til dei aktuelle aktørane.

ST 58/2015 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Registrering av nasjonalparkstyret som juridisk eining

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 12.10.2015

Vedtak

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen finn det naturleg at styret sjølv har ansvar for tiltaksmidlar, midlar til forvaltningsplan og midlane som går til drift av styret.

Med heimel i pkt. 2 i reviderte vedtekter for Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen opprettar nasjonalparkstyret eige organisasjonsnummer ved registrering i Brønnøysund-registeret. Nasjonalparkforvaltarane får i oppdrag å følgje opp saka i nær dialog med Miljødirektoratet.

ST 59/2015 Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Medlemmer til Fagleg rådgivende utvalg 2016-2019

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 12.10.2015

Vedtak

Med heimel i pkt. 9 i Vedtekter for nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjer Nasjonalparkstyret vedtak om følgjande samansetnad av fagleg rådgivande utval:

- Representasjon frå Luster (2 medlemmar)
- Representasjon frå Lom (2 medlemmar)
- Representasjon frå Vang (2 medlemmar)
- Representasjon frå Vågå (2 medlemmar)
- Representasjon frå Årdal (2 medlemmar)
- DNT Oslo og Omegn (2 medlemmer)
- Forum for Natur og Friluftsliv i Oppland (2 medlemmer)
- Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane (2 medlemmer)
- Norsk Fjellmuseum (1 medlem)
- Utladalen Naturhus (1 medlem)
- Visit Sognefjord AS (1 medlem)
- Nasjonalparkriket Reiseliv (1 medlem)
- Jotunheimen Reiseliv (1 medlem)
- Valdres Destinasjon AS (1 medlem)
- Villreinnemnda for Sogn og Fjordane (1 medlem)

Det blir sendt brev til dei 5 kommunane der ein ber kommunestyret om oppnemning av to representantar, der minst den eine også skal vera grunneigarrepresentant (medlem av fjellstyret eller sameige). Det vil vera naturleg av fjellstyra og sameiga sjølve peikar ut sin representant.

Observatørar:

- Fjellopsynet frå fjellstyra i Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang
- Administrativt kontaktutval med 1 representant frå kvar kommune og kvar fylkeskommune
- Ein representant frå kvar av miljøvernavingane i Oppland og Sogn og Fjordane.

ST 60/2015 Revisjon av forvaltningsplan - Diskusjonssak i Nasjonalparkstyret

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 12.10.2015

Vedtak

Magnus Snøtun orienterte om planlagt opplegg for forvaltningsplanrevisjonen.

Det er ein del generelt stoff, og enkelte tema som kan vera særleg aktuelle for dei enkelte kommunane. Det blir innspelmøte i kvar kommune i løpet av oktober.

Kolledalen – status:

Det er kontakt med Hydro, og det er ulike løysingar på bomplassering og parkering. Første punkt er avklaring på kva føringar som ligg for bruken av vegen.

Fannaråkhytta, planar om nybygg. Det må diskuterast kva nivå ein skal legge seg på når det gjeld overnatting og standard på ein slik plass.

Innspefrist: 15. nov. Kan be om utsett frist ved behov.

På grunnlag av innkomne innspel, gjeldande plan og nye føringar blir det utarbeidd utkast til revidert plan som kjem til open høyring.

ST 61/2015 Eventuelt

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - 12.10.2015

Vedtak

Saker til orientering:

- Status på arbeidet med innfallspørt Sognefjellshytta referert. Geolog har vore i området saman med bruingeniør. Ein tek nå sikte på bygging i 2016.